



Generelle avtalevilkår for levering av avfall til SIMAS IKS

(Gjeldande frå 01.01.2020)

1. GENERELT

Desse generelle avtalevilkåra gjeld for avtalar mellom SIMAS IKS (i det følgande SIMAS) og Kunden, dersom ikkje annet er skriftleg regulert i eigen avtale, ordrestadfesting eller anna.

Kunden vil i denne samanhengen vera avfallsprodusentar og andre næringskundar, som leverer avfall til SIMAS.

Om ikkje anna er avtala særskilt, trer vilkåra i kraft ved ordrestadfesting frå SIMAS eller anna skriftleg eller munnleg avtale. Med munnleg avtale, siktar ein her til dømes til levering av avfall på SIMAS sine anlegg, utan at det er gitt ordrestadfesting i forkant.

2. AVFALLSLEVERING

2.1. Levering og henting av avfall

Desse generelle avtalevilkåra regulerer partane sine rettar og plikter i samband med levering av avfall til SIMAS. Levering av avfall kan skje ved at Kunden leverer avfall direkte til deponi, til komprimatorbil, blanda avfall til sortering eller at avfallet blir henta av SIMAS.

2.2. Avfall som ikkje kan leverast eller som krev særskilt avtale før mottak

Avfall som er underlagt spesielle restriksjonar, og som SIMAS ikkje har løyve (konsesjon) til å handtere, kan ikkje leverast. Pr. 1.1.2020 gjeld dette følgjande avfall:

- Eksplosivar
- Radioaktivt avfall

SIMAS har løyve til å ta i mot smittefarleg avfall, men slikt avfall kan ikkje leverast utan at det er inngått særskilt avtale om dette med SIMAS.

3. KUNDEN SINE RETTAR OG PLIKTER

3.1. Generelt

Kunden er pliktig til å følgja gjeldande lover og forskrifter som gjeld for levering og handtering av avfall, til dømes forureiningslova (LOV-1981-03-13-69 og avfallsforskrifta (FOR-2004-06-01-930). I tillegg pliktar Kunden å gjere seg kjent med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer som SIMAS publiserer på si heimeside www.simas.no.

3.2. Særleg om Kunden si opplysningsplikt

Det er Kunden som har ansvaret for å kjenne til kva innhald avfallet har, og om avfallet inneheld mogleg forureining. Kunden er også ansvarleg for opplysningar som er gitt om avfallet, dersom han nyttar tredjepartar til å vurdere og utarbeide dokumentasjon.

Kunden skal deklarerer farleg avfall og basiskarakterisere avfall til deponi, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar, t.d avfallsforskrifta kap. 9 og SIMAS sine retningslinjer.



Eventuelle variasjonar i avfallet sine eigenskapar må særskilt utdjupast og dokumenterast. I tillegg må det leggest fram dokumentasjon på at det ikkje risiko for at avfallet overskrid tillatne grenseverdier.

3.3. Krav til sortering av avfall, utstyr for avfallshandtering og emballasje

3.3.1. Generelt

Kunden har ansvar for at alt avfall er sortert i samsvar med det regelverket som til ei kvar tid er gjeldande, og i samsvar med SIMAS sine retningslinjer.

Kunden har plikt til å syte for avfallet ikkje inneheld andre avfallstypar enn det som er avtala med SIMAS. Dette er særleg viktig for å sikre at SIMAS ikkje tek i mot større mengde eller type avfall, enn det SIMAS til ei kvar tid har løyve til å ta imot.

Alt avfall skal leverast i utstyr som er eigna til avfallshandtering, og i samsvar med SIMAS sine retningslinjer. Utstyr til avfallshandtering og -levering kan leigast eller kjøpast hjå SIMAS. For slik leige eller kjøp av utstyr, gjeld eigne generelle vilkår som er tilgjengeleg på SIMAS si heimeside, www.simas.no.

Ved levering av avfall i avfallssekk, skal det berre nyttast transparente plastsekker. Det er ikkje tillate å nytte svarte eller farga avfallssekkar for levering av avfall.

3.3.2. Særleg om farleg avfall

Alt farleg avfall skal vera emballert i samsvar med gjeldande forskrifter. Emballasjen må ikkje vera skada eller overfylt, og den skal vera merka med avfallsstoffnummer, EAL-kode og deklarasjonsnummer.

Fat eller palletank med flytande farleg avfall må ha ei klarering på min. 10 cm opp til kanten.

Kunden skal også syte for at ulike typar farleg avfall ikkje blir blanda. Dette må kunne dokumenterast ved analyser eller anna relevant dokumentasjon.

3.3.3. Særleg om EE-avfall

Kunden er ansvarleg for at EE-avfall ikkje blir blanda med anna avfall. EE-avfall skal vera sortert etter hovudgrupper og handterast med varsemd, slik at avfallet ikkje blir skada eller det oppstår risiko for lekkasje av miljøgifter.

3.3.4. Særleg om metallavfall

Jern, stål og andre metall skal leverast i samsvar med SIMAS sine retningslinjer.

Dersom ikkje anna er avtala, er føresetnaden eit maksimumsinnhald på 15% avfall i komplekst jern. Med avfall meiner ein her vedheng eller avfall som ikkje er fritt. Fritt avfall vil bli utsortert og vege, og Kunden blir fakturert etter gjeldande prisar for avfallet.

For levering av kabel vert pris fastsett på bakgrunn av metallinnhald og type metall. Kabel med feitt-/oljeinnhald eller farleg avfall vert prisa og handtert etter nærmare avtale.

I dei tilfella Kunden har fast pris, inklusiv transport og container, er føresetnaden ei minimumsvekt på 2 tonn i container på inntil 10 m³ og 6 tonn i container på inntil 30 m³. Dersom denne minimumsvekta ikkje vert overhalde, vil SIMAS fakturere Kunden for transportkostnad.



3.4. Tilgjengelegheit ved hentestad

I dei tilfella SIMAS skal hente avfallet hjå Kunden eller ein annan nærmare spesifisert hentestad, er Kunden ansvarleg for å syte for fri tilkomst. Dette vil til dømes innebere at Kunden er ansvarleg for å holde tilkomsten fri for snø eller andre fysiske hindringar, samt sørge for strøing ved glatte vegar.

3.5. Overdraging

Kunden kan ikkje overføre rettar eller plikter etter denne avtalen til andre, utan at SIMAS på førehand har gitt samtykke til slik overdraging. Ei slik vurdering og eventuell overdraging vil føre til eit administrasjonsgebyr på kr. 500.

3.6. Endringar i kundeforhold

Kunden pliktar å melde om endringar i kundeforhold (som til dømes kontaktperson, endring i telefonnummer, e-post og adresser) minst 14 dagar før desse trer i kraft. Dersom endringane ikkje er meldt innan tidsfristen, har SIMAS rett til å fakturere kr 500,- i administrasjonsgebyr.

4. SIMAS SINE RETTAR OG PLIKTER

4.1. Generelt

SIMAS pliktar å hente og ta i mot avfall til avtalt tidspunkt og elles i samsvar med føresetnader i oppdragsstadfestinga eller anna avtale med Kunden.

SIMAS er elles pliktig til å hente og handtere avfall etter gjeldande reglar for verksemda, her både nasjonalt og internasjonalt regelverk.

4.2. Bruk av underleverandør

SIMAS har rett til å nytta underleverandørar ved utføring av arbeid i samsvar med avtalen. All kontakt knytt til avtalen og handtering av den, skal likevel vera mellom Kunden og SIMAS, med mindre noko anna er særskilt avtala.

5. EIGEDOMSRETT TIL AVFALLET

Eigedom retten til avfallet går over til SIMAS når avfallet er henta av SIMAS eller teke imot på SIMAS sitt anlegg.

For avfall som krev særskilt avtale, t.d. smittefarleg avfall jf. punkt 2.2 ovanfor, overtek SIMAS ikkje eigedom retten til eller ansvaret for slikt avfall med mindre det er inngått særskilt avtale om leveranse, og levert avfallsmengde er i samsvar til avtalen.

6. PRISAR OG BETALINGSVILKÅR

6.1. Pris – prisregulering

Om ikkje anna pris er særskilt avtalt, følgjer prisen av den til ein kvar tid gjeldande standard prisliste som er tilgjengeleg på SIMAS si heimeside, www.simas.no. Alle oppgitte prisar er eksklusiv meirverdiavgift.

Tilgjengeleg prisliste blir normalt justert årleg. Denne årlege prisjusteringa vil bli lagt til grunn ved fakturering, utan særskilt varsel til kunden.

Dersom det i avtaleperioden skjer endringar i norske og internasjonale rammevilkår, som påverkar SIMAS sin forretningsdrift, kan SIMAS justere sine prisar for å kompensere for slike endringar.



Prisendringar utover årleg prisjustering, skal varslast av SIMAS ein måned i forkant gjennom faktura, e-post eller på annan særskilt måte.

6.2. Ekstra kostnader

Ekstrakostnader som SIMAS får ved henting av avfall, vil bli kravd dekkja av Kunden i tillegg til vederlag for hentetenesta. Dette kan til dømes vera ferjekostnader, bompengar, overtid eller bruk av hjelpemann.

6.3. Særleg om kredittfraksjonar

For kredittfraksjonar (utbetaling til kundar som har levert avfallsfraksjonar som SIMAS betalar for) gjeld egne avtalar.

6.4. Fakturering - betalingsmisleghald

Fakturering skjer etterskotsvis etter kvar levering eller henting med forfall per 14 dagar.

Skjer ikkje betaling i rett tid, har SIMAS rett til å krevje rente i etter Lov om forsinket betaling m.m. av 17.12.1976 nr. 100, frå forfallsdag. I tillegg vil SIMAS krevje purregebyr, samt alle kostnader med betalingsinnkreving. Inkasso vil bli iverksett utan ytterlegare varsel, dersom utestående ikkje er betalt innan 14 dagar etter purring.

Ved manglande betaling vil SIMAS si gjennomføring av oppdraget straks bli stansa.

7. REKLAMASJON, MISLIGHALD OG MISLEGHALDSVERKNADER

7.1. Generelt

Det føreligg misleghald av deler eller heile avtalen, dersom ein av partane ikkje oppfyller sine plikter og dette ikkje skuldast forhold som den andre parten er ansvarleg for.

Med mindre anna er særskilt avtala mellom partane eller følgjer av desse generelle vilkåra, kan partane gjere gjeldande dei misleghaldssituasjonane og -verknadane som følger av alminnelege kontraktsrettslege regler.

Partane kan heve avtalen ved vesentleg misleghald frå den andre parten. Erklæring om heving skal skje skriftleg.

Dersom Kunden vil krevje at SIMAS har misleghalde sin del av avtalen, pliktar kunden straks å reklamere skriftleg til følgjande e-postadresse post@simas.no, merka med kunde og oppdrag. Reklamasjonar som ikkje er motteke av SIMAS innan 10 dagar etter at Kunden har motteke faktura, vert rekna som for seint framsett.

Ved brot på plikter Kunden har etter denne avtalen, her til dømes sortering av avfall, bruk av eigna utstyr til avfallshandtering eller fysiske hindringar, jf. punkt 3.3. ovanfor, vil dette kunne føre til at SIMAS nektar å hente eller ta i mot avfallet.

Ved slikt misleghald vil Kunden likevel bli fakturert som om henting eller levering var gjennomført etter avtalen.

Dersom Kunden blir påført eit økonomisk tap som følge av feil eller aktløyse frå SIMAS, kan Kunden berre krevje sitt direkte tap erstatta. Det økonomiske ansvaret SIMAS har ovanfor Kunden er i alle tilfelle avgrensa opp til verdien av den enkelte oppdrag.



7.2. Særleg om brot på opplysningsplikta

SIMAS kan nekte å ta imot avfall som ikkje er korrekt deklarerert eller basiskarakterisert, eller som ikkje er deklarerert/basiskarakterisert i samsvar med gjeldande regelverk.

SIMAS vil kontrollere leveransar og gjennomføre nærmare analyser av levert avfall, ved behov eller som stikkprøvar.

Dersom det blir avdekka at SIMAS har fått feil opplysningar om levert avfall, vil Kunden vera ansvarleg for alle kostnader SIMAS får som følgje dette. Dette gjeld uavhengig av korleis det vart avdekka at opplysningane var feil. Slike kostnader kan til dømes vera:

- kostnader i samband med kartlegging og undersøking av innhald, mengde, opphav mv.
- ekstra kostnader med handtering med avfall, her til dømes kostnader med transportering av avfall til andre deponi og andre føretak som kan handtere slikt avfall
- administrative kostnader

Dersom SIMAS blir halden ansvarleg for eventuelle forureiningsskader, til dømes krav om gebyr eller andre økonomiske sanksjonar, som følgje av at Kunden eller nokon Kunden hefter for har gitt feil opplysningar om avfallet, kan SIMAS krevje regress hjå Kunden.

7.3. Force Majeure

Partane er ikkje ansvarlege for forseinking eller manglar, dersom dette skuldast ei hindring som er utanfor partane sin kontroll, og som ein ikkje rimelegvis kunne forvente at partane vurderte på avtaletidspunktet, eller kunne ha unngått, eller overvunne følgjene av.

Kvar av partane kan seia opp avtalen med ein månads varsel, dersom situasjonen utanfor partanes kontroll gjere det særleg byrdefullt for vedkommande å oppretthalde avtalen.

8. OPPSEIING

Kvar av partane kan seie opp avtaleforholdet med seks månaders skriftleg varsel, med mindre anna avslutningstidspunkt følgjer av oppdragsstadfesting eller anna skriftleg avtale mellom partane.

9. VESENTLEGE ENDRINGAR I OFFENTLEGRETTSLEGE RAMMEVILKÅR FOR KUNDEN

Ved vesentlege endringar i offentlege rammevilkår for Kunden si verksemd, til dømes lov og/eller forskriftsendringar, krav eller pålegg, og som fører til at Kunden sine økonomiske plikter blir endra vesentleg i høve til det som var opphavelig avtala, kan Kunden be om reforhandling.

10. ENDRING OG REVISJON AV GENERELLE VILKÅR

SIMAS reviderer dei generelle vilkåra normal ein gong i året, og elles når det oppstår behov for det.

Slikt behov kan til dømes oppstå dersom det er endringar i offentlege rammevilkår for SIMAS si verksemd. Dette gjeld både endringar som følgjer av nasjonalt og internasjonalt regelverk.



Endringar som er til ugunst for Kunden, og som ikkje er nødvendig på grunn av bindande regelverk, kan fyrst gjerast gjeldande etter ein månads varsel. Er slik endring av generelle vilkår varsla og gjort tilgjengeleg på SIMAS sine heimesider, www.simas.no, blir det lagt til grunn at Kunden har fått tilstrekkeleg varsling.

11. HANDSAMING AV PERSONOPPLYSNINGAR

Personopplysningar som SIMAS får vert handsama i samsvar med gjeldande lovgiving for personvern, og SIMAS sine egne retningslinjer. Ytterlegare informasjon om korleis SIMAS IKS handsamar personopplysningar finns på heimesida til SIMAS.

12. VERNETING

Tvist mellom partane skal ein søke å løyse gjennom forhandlingar.

Dersom ein ikkje oppnår minneleg ordning, vil Sogn og Fjordane tingrett vera rett verneting for alle tvistar mellom Kunden og SIMAS, med mindre anna vert særskilt avtala.